



Stad kommune



NYTT frå Stad kommune / desember 2020

Julehelsing til tilsette i Stad kommune

Då er snart eitt år gått sidan vi vart Stad kommune! For våre nesten 1000 tilsette har dette vore eit år som ikkje kan samanliknast med noko vi har opplevd før. Mange endringar har skjedd som konsekvens av samanslåing og grensejustering, men dei største endringane har gjerne skjedd som følgje av pandemien. Den har krevd mykje av mange, og det vil den nok gjere i lang tid enno. Det er likevel godt å vite at vi no har starta førebuingane til vaksinering i kommunen vår. Vi skal vere klare når sjansen kjem til oss!

Dette året var planen å bli betre kjende med alle våre tilsette og dei ulike arbeidsplassane. Kommunalsjefane og eg hadde ein plan i lag med ordførar og varaordførar der vi skulle møte dykk og gjere oss kjende med arbeidsplassane, oppgåvene og vilkåra for å gi gode tenester. Vi rakk å besøke kommunehuset i Selje før alt stengte ned. Vi var optimistiske og tenkte at i november og desember då var det mogleg å reise rundt, så vi la ein detaljert plan for dette, men måtte som alle forstår gi opp. Målet må vere at dette skjer så snart smittesituasjonen tillet det.

Vi skulle tru det var nok med pandemi og ny kommune med alt det inneber, men situasjonen er diverre slik at ressursane ikkje strekk til med den drifta vi har i dag. Av den grunn er det no vedteke reduserte rammer for alle sektorane, og vi har starta så vidt på plan for nedbemannning. Målet må vere at ingen skal slutte mot eige ønskje, men det er ikkje mogleg å gi dei same garantiane som politikarane gjorde då vi skulle etablere ny kommune. Vi kan ikkje garantere at alle får halde fram i stillingane dei har i dag. Det vi kan garantere er ein ryddig og open prosess der vi også skal prøve å finne andre oppgåver i organisasjonen til dei som må slutte i stillinga dei har i dag. Dette er heller ingen garanti fordi kompetansen må svare til oppgåva som skal løysast, men det er eit løfte om at vi skal gjere det som er mogleg innanfor regelverk og tilgjengelege økonomiske rammer.

Trass i tronge rammer, så skal den nye kommunen både drivast og utviklast. Vi skal gi gass og bremse samstundes i tida framover, så vi får håpe at vi treff rette pedalen til kvar tid når vi stort sett har stor fart. Men i tillegg til dette skal vi også innovere, eller med andre ord fornye. Det må vi øve på for å bli gode til! Og vi må bygge kultur for dette gjennom god leiing og tillitsbygging.

Vi har denne hausten fått på plass eit overordna planverk gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel og handlingsprogrammet som vart vedteke i kommunestyret 10.12. Dette gir oss retning og klare oppdrag som dei ulike arbeidsplassane må få eit eigarforhold til gjennom å lage sin eigen verksemndplan på nyåret. Vi har vedteke eit samfunnsmål som skal gi retning for arbeidet; Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag. Vi har vedteke ein visjon som viser oss kva vi ønskjer å strekke oss mot, og vi har utforma kva verdiar vi skal møte kvarandre og innbyggjarane våre med. Vi skal vere nære, rause, skapande og heilhjerta. Dette forpliktar oss alle, og gjer at vi heile tida må spørje oss sjølv om



Med ønske om
ei god jul og
eit godt nytt år!

korleis vi skal klare å leve opp til dette i ein mangslungen og krevjande kvardag der vi skal møte innbyggjarane sine behov frå vogge til grav. Vi har utvikla strategiar som gir retning for arbeidet; heilskapleg og effektiv, samskapande og inkluderande og nyskapande og kompetent. Dette er ikkje luftige slagord, men ramme alvor! Det er heilt avgjerande at vi veit kvar vi skal når vi skal prioritere ressursbruken vår. Særleg når vi må tenke nytt og omprioritere.

Eg trur vi kjenner oss rike vi som er her sjølv om vi ikkje har råd til alt vi skulle ønskje oss for kvarandre. Vi får leve i eit livskraftig og trygt samfunn der vi har fridom og handlekraft og stadig kan bidra til å betre livsvilkåra for alle våre innbyggjarar. Vi skal aldri kvile i dette arbeidet verken når det gjeld politiske prioriteringar eller arbeid med kvalitet i tenestene. Det er mykje vi kan få til med pengar og endå meir pengar, men det viktigaste er kva vi kan vere for kvarandre (og det treng ikkje alltid koste så mykje). Eg tenkjer at diktet til Hans Børli kan seie oss noko om tida vi har vore igjennom og også det som ligg framfor oss. Og med desse orda ønskjer eg alle tilsette i Stad kommune ei fredeleg jul og eit godt nytt år, og med eit sterkt ønskje om at vi alle kan finne fleire møteplassar i 2021.

Ett er nødvendig

Ett er nødvendig – her
I denne vår vanskelige
Verden
Av husville og heimløse

Å ta bolig i seg selv

Gå inn i mørket
Og pusse sotet av lampen.

Slik at mennesker på veiene
Kan skimte lys
I dine bebodde øyne



**Dei beste helsingar frå
Åslaug Krogsæter**
kommunedirektør